

## Sak 38/23: Orienteringssaker

---

- Psykologprosjektet (Kompis)
- Prosjekt med Husbanken, «Regionalt samarbeid om startlån»
- Søknadar prosjektskjøn Statsforvaltar for 2024
- Oppstart kommande «Skulebruksplan» - førebuing i Nordhordland
- One Ocean Week 2024
- Partnerskapsmøte helsefellesskapet 15. februar 2024

# Vidareføring av KOMPIS-prosjektet; søknad om midlar til planlegging, modellering og utprøving av KOMPIS-modellen

## Bakgrunn for saka

- Oppfølging av sak 16/23 i kommunalsjefgruppa for helse og omsorg, 21.04.2023 og sak 5/23 i fellesmøte for Kommunalsjefgruppa og fagrådet for kommuneoverlegar, 26.05.2023.
- Behovet for psykologar i kommunane i Region Nordhordland er framleis stort. Vi har over tid sett ein sterk auke blant barn og unge med psykiske utfordringar. Psykiske problem blant vaksne er også aukande, og utgjer meir enn 16% av sjukemelde. Dette bekymrar oss.
- Opptappingsplan for psykisk helse (Meld.St.23 (2022-2023) synleggjer regjeringa si satsing på psykiske helsefeltet. Planen har tre innsatsområde:
  - Helsefremmande og førebyggjande psykisk helsearbeid
  - Gode tenester der folk bur
  - Tilbod til personar med langvarige og samansette behov
- Gjennom opptappingsplanen vert det vist til at tiltak for å sikre tilstrekkeleg personell og kompetanse vil vidareutviklast gjennom planperioden samt i kommande Nasjonal helse- og samhandlingsplan. Kartlegging og analyse av behov, samt utvikling av ein modell som skal bidra til å rekruttera og behalda psykologar i mindre kommunar er gjennomført (Prosjektrapport, 2021). I rapporten er KOMPIS-modellen presentert. Ei skreddarsydd pakke (utdanningsstillingar) som sikrar psykologen(ane) ei spesialisering i eit 5-årig løp, herunder praksis i kommunar og spesialisthelsetenesta, obligatoriske kurs og rettleiing, samt eit utviklande fokus på regionale behov og samarbeid mellom tenestenivåa. Eit anna tiltak er å etablera eit formalisert fagsamarbeid om psykologtenesta på tvers av kommunane i Region Nordhordland.
- Kommunalsjefgruppa og fagrådet for kommuneoverlegar er samde om at ein planlegg for å ta prosjektet vidare og prøvast ut i to løp:
  - 1. Interkommunalt fagsamarbeid om psykologtenesta, der alle kommunane i Region Nordhordland deltar
  - 2. Utprøving av pilot i Fensfjordkommunane1

# Vidareføring av KOMPIS-prosjektet; søknad om midlar til planlegging, modellering og utprøving av KOMPIS-modellen

---

## Kommunalsjefgruppa for helse og omsorg si tilråding i saka:

- For å gjennomføre prosjektet er kommunalsjefgruppa for helse og omsorg i NH samde om at det vert utarbeidd ein «open» søknad om prosjektmidlar til planlegging, modellering og utprøving av KOMPIS-modellen, og at denne vert sendt til helse og omsorgsdepartementet (HOD) v/statssekretær.
- For å sikre god og brei forankring ber gruppa om at kommunedirektørutvalet drøftar og tar stilling til om prosjektet skal prøvast ut gjennom to løp, samt at det vert søkt HOD om midlar til planlegging, modellering og utprøving av KOMPIS-modellen.

## Vidare ber ein om at kommunedirektørutvalet vurderer om ein slik søknad skal forankrast på politisk nivå i Regionrådet for Nordhordland.

### Framlegg til vedtak:

- Kommunedirektørutvalet i Region Nordhordland sluttar seg til at KOMPIS-prosjektet vert vidareført gjennom to løp, og støttar at det vert søkt om midlar til planlegging, modellering og utprøving av KOMPIS-modellen, slik det er skissert i saka.
- Kommunedirektørutvalet ber om at saka vert lagt fram til handsaming i Regionrådet før den vert sendt.

### Vedtak i Kommunedirektørutvalet:

- Kommunedirektørutvalet i Region Nordhordland sluttar seg til at KOMPIS-prosjektet vert vidareført gjennom to løp, og støttar at det vert søkt om midlar til planlegging, modellering og utprøving av KOMPIS-modellen, slik det er skissert i saka. Kommunedirektørutvalet ber om at saka vert lagt fram til handsaming i Regionrådet før den vert sendt.

### Framlegg til vedtak i Regionrådet:

- Regionrådet Region Nordhordland sluttar seg til at KOMPIS-prosjektet vert vidareført gjennom to løp, og støttar at det vert søkt om midlar til planlegging, modellering og utprøving av KOMPIS-modellen, slik det er skissert i saka.

## Orientering om nye regler for interkommunale selskap - endringer i IKS-loven mv.

---

- **Lov om interkommunale selskaper (IKS-loven) ble endret i mai 2023**, og det er fastsatt en ny forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for IKS-ene.
- **Presisering av styreansvar**
- **Møteoffentlighet for representantskapet**
  - Krav om åpne møter,
  - kunngjøring av møter og tilgjengeliggjøring av møteinnkallinger, saksdokumenter og protokoller.
  - regler om når møter kan eller skal lukkes, og når saklister, saksdokumenter og protokoller kan eller skal holdes tilbake eller sladdes.
  - Regler om åpne møter har som mål å skape tillit til kommunal virksomhet og styrke lokaldemokratiet.
  - Interkommunale selskaper må i perioden fram mot 1. januar 2024 legge til rette for at representantskapsmøtene kan være åpne, at møtene kan kunngjøres og at saksdokumenter og protokoller kan bli gjort tilgjengelige for allmennheten.
- **Fra 1. januar 2024 gjøres det flere justeringer i reglene for selskapenes økonomiforvaltning**
  - IKS-lovens økonomibestemmelser harmoniserer med tilsvarende bestemmelser i kommunelova.
  - Daglig leder skal utarbeide årsregnskapet for 2023 (og rapportere dette til KOSTRA) senest 22. februar 2024.
  - Styret skal avlegge årsregnskapet og årsberetningen for 2023 senest 31. mars 2024.
  - Regnskapsrevisor skal avgi revisjonsberetningen for 2023 til representantskapet med kopi til styret senest 15. mai 2024.
  - Styret legger frem forslag til vedtak om årsregnskap og årsberetning for representantskapet (i rimelig tid før møtet).
  - Representantskapet fastsetter årsregnskapet og årsberetningen for 2023 senest 30. juni 2024.

# Orientering om nye regler for interkommunale selskap - endringer i IKS-loven mv.


- **Val av representantskapsmedlemmer**

Kommunestyra kan bruke avtaleval ved val av representantskapsmedlemmer til interkommunale selskap kommande haust, og at kommunestyra skal sørge for at det vert valt minst to varamedlemmer for kvart faste medlem i representantskapet.

- **Andre endringar**

- Styreansvaret i IKS vert presisert og tydeleggjort etter mønster frå aksjelova.
- Alle som arbeider i eller utfører tenester for et IKS er omfatta av forvaltningslova sine regler om teieplikt.
- Eigarkommunane skal i selskapsavtalen fastsette eit intervall for antal styremedlemmar, og representantskapet avgjer sjølv innanfor dette intervallet kor mange og kven som til ei kvar tid skal sitte i styret.
- Statens rolle i saker om uttreden, lukking og avvikling av IKS vert redusert. Dette skal deltakarkommunane avgjere på eiga hand.

- **Kommunelova og interkommunalt politisk råd**



# Orienteringssaker

---

- Prosjekt med Husbanken, «Regionalt samarbeid om startlån»
- Søknadar prosjektskjøn Statsforvaltar for 2024
- Oppstart kommande «Skulebruksplan» - førebuing i Nordhordland
- One Ocean Week 2024
- Partnerskapsmøte helsefellesskapet 15. februar 2024